

# ÅRSMELDING 2022



NORGES  
BONDELAG







# INNHOOLD

|                                                          |    |
|----------------------------------------------------------|----|
| 01: Året med ekstreme kostnader.....                     | 4  |
| 02: Nytt talgrunnlag og Inntektsutvalet.....             | 10 |
| 03: Makta i verdikjeden for mat.....                     | 12 |
| 04: Lever i frykt for nytt utbrot av fugleinfluensa..... | 16 |
| 05: Organisasjonen Norges Bondelag.....                  | 26 |
| Styret i Norges Bondelag.....                            | 32 |
| Styrets fagområder og styrevern.....                     | 33 |
| Fylkesleiarar i Norges Bondelag.....                     | 35 |
| Utval i Norges Bondelag.....                             | 36 |
| Tilsette i Norges Bondelag.....                          | 37 |
| Årsrekneskap.....                                        | 39 |

# 01

## ÅRET MED EKSTREME KOSTNADER

Viss bondelagsleiaren skal samanfatte 2022 med eit ord, så er det kostnadsauke. Høgare kostnader på alle frontar har vore eit bakteppe for alt Bondelaget har gjort dette året. Det har vore ei evig brannsløkking for å få dekkja auka byggjekostnader, kostnader til gjødsel og ikkje minst kompensere for ekstreme straumprisar. Neste post på programmet blir å tette inntektsgapet.

Bjørn Gimming har hatt hektiske tider sidan han starta som bondelagsleiar for eit og eit halvt år sidan.

–Det heile byrja sommaren 2021 då vi fekk til tilleggsforhandlingar som enda opp med at vi fekk kompensert 754 millionar for auka kostnader. Så gjekk det slag i slag med energikrise og ikkje minst krigen i Ukraina. Så fekk vi til det eg meiner er et godt jordbruksoppgjer med både kostnadsdekning i eit omfang ingen har sett før, og tetting av noko av inntektsgapet. No skal vi gå laus på inntektsgapet og i tillegg få til ein snuoperasjon for å støtte mangfaldet i norsk landbruk og løfte dei små bruka.

### **KRIG I EUROPAS KORNLAGER**

Gimming vil ikkje heilt sleppe taket i dette med auka kostnader. Det har ført til at mesteparten av arbeidet har dreia seg om å sløkka brannar og sørge for at kostnadene blir kompensert for.

–Når vi opplever slike ekstreme kostnader er det viktig å halde hjula i gang. Vi trudde vi hadde kontroll, men så endra alt seg den 24. februar då krigen i Ukraina braut ut. Den internasjonale kornprisen gjekk i taket og var for første gang høgare enn den norske målprisen. Slik blei det når det regelrett braut ut krig i Europas kornlager.

Jobben med å få dekt kostnader er langt frå unngjort og vil nok prege tida framover også, meiner bondelagsleiaren.

–Mange kjenner framleis på at dei har store kostnader til dømes på kraftfôr. No har kostnadsnivået stabilisert seg noe, men ligg på eit veldig høgt nivå. Vi løyser ikkje alle problema i ein fei, fordi alt heng saman med alt, og vi har ei lang verdikjede.







### **EIT SAMLA BONDELAG**

Trass i forskjellige ytringar i sosiale media der folk gir uttrykk for misnøye med Bondelaget, er ikkje leiaren i tvil om at det er eit samla lag han er leiar for. Dei mange gode resultatata som er oppnådd det siste året, gjer han trygg på det.

-Sjølv er eg lite på sosiale media, men det er klart at den uroa som kjem til uttrykk her påverkar oss alle. Inntrykket er at det er fleire gjengangarar, og at store grupper ikkje er til stades med sitt syn. Men vi må alltid vere lydhøyre for kritikk. Vi er eit medlemsdemokrati med 500 lokallag hvor alle skal bli høyrte, og må alltid sikre oss at det vi gjer er godt forankra sjøl om ikkje alle kan få gjennomslag for sitt syn. Mi rolle er å sørge for takhøgd og fremje forslag der alle blir sett og høyrte. Men alt i alt opplever eg at vi står samla i arbeidet vårt, og når eg drar rundt i landet og møter medlemmene, er det samholdet som pregar desse møta.

### **MATSIKKERHEIT ER VIKTIGARE EIN NOKOSINNE**

Matsikkerheiten har alltid vore viktig for Bondelaget, men no har krigen gjort at både avgjerdstakarar og opinionen er opptatt av sjølvforsyninga.

-Det at vi har ein løpande norsk matproduksjon er ein del av matsikkerheiten. Det er fint med lager, men dei går tomme. Vi kan ikkje berre supplere med import, det trur eg vi har brei semje om i opinionen.

Norskandelen er under 50 prosent men det står i Hurdalsplattforma at den skal opp i 50 og det trur Gimming er mogleg å få til.

-Men den norske andelen av landbruksproduksjonen blir til sjuande og sist avgjort av forbrukaren, det er det forbrukaren puttar i handlekorga som avgjer norskandelen. Folk må aktivt velje mat vi kan produsere i Norge, det betyr norske poteter i staden for søtpoteter, norsk bygg i staden for ris, og mjølk i staden for juice.

### JORDBRUKSOPPGJERET 2022

Det vart forhandla om både kostnadskompensasjon og inntektsmoglegheiter. Ein historisk høg kostnadsvekst, og ny politisk målsetjing om å auke inntekta til bonden, låg til grunn for kravet frå jord-bruket på 11,5 milliardar kroner.

Avtalen som vart forhandla fram gir ein auke i inntektsmoglegheitene for 2022 og 2023 på 10,9 milliardar kroner. Dette er 778 millionar kroner meir enn i tilbodet frå staten.

Kostnadsdekninga utgjer størsteparten av avtalen. Avtalen inneheld 2,4 milliardar kroner til kompensasjon av ekstraordinære kostnader for 2022. Dette blir utbetalt i eigen utbetaling i september 2002.

Avtalen gir full kostnadsdekning, i tillegg til inntektsauke allerede i 2022, for å håndtere usikkerheten og den kraftige kostnadsauken.

For at inntekten til bøndene skal komme nærare andre grupper gir avtalen eit inntektsløft på 64 000 kr/årsverk i 2023, kor 40 000 kr/årsverk går til tetting av inntektsgap.

Det er ikkje berre prisen som er avgjerande for at forbrukaren skal velje norsk, meiner Gimming.

Dette handlar også om at vi må ha eit sterkt importvern og kjedemakta må avgrensast. Det er også viktig med god og ærleg merking slik at forbrukaren kan ta bevisste val.

### DYREVELFERDA KAN BLI BETRE

Heller ikkje bondelagsleiaren har unngått å leggje merke til debatten rundt dyrevelferd det siste året, og då spesielt innanfor svinenæringa. Men i motsetnad til mange vil han ikkje vere med på at dette er ei næring i krise.

-Vi har ein veg å gå når det gjeld dyrevelferd men eg er ikkje med på at vi har eit systemproblem når det gjeld dyrevelferd. Vi har kanskje verdas strengaste regelverk så her er det snakk om etterfølging av reglane. Eg vil framheve at Norge trass alt har betre dyrevelferd

enn resten av Europa. Vi må bli betre på dyrevelferd men samtidig ikkje stelle oss slik at vi lar andre land som har dårlegare dyrevelferd overta matproduksjonen.

Men Gimming skulle likevel sett at han ikkje måtte ut å forsvare norske bønder så ofte som han må.  
- Men når det er sagt, så er det min jobb å vere talsperson for norske bønder og den rolla vil eg gjerne ha også i framtida.

### TIDENES JORDBRUKSOPPGJER

Gimming er glad for at vi har fått ei ambisiøs raudgrøn regjering, samanlikna med Solberg-regjeringa som sat i åtte år.

-Vi har fått den mest ambisiøse regjeringa sidan 1975 og vi fekk til eit godt jordbruksoppgjer. Ikkje berre fekk vi kompensert for auka kostnader, vi fekk auka kvart årsverk med 40 000 kroner og det er ein stor siger for oss. Eg føler at regjeringa er med oss når det gjeld å tette inntektsgapet.

Han vil på ingen måte kvile på laurbæra men er godt nøgd med året som har gått.

-Vi skal vere stolte over det vi har fått til og måten vi bidrar på. Eg har framoversveis og merkar trykket kvar einaste dag. Det er ikkje mangel på trykk og eg vil halde fram med å kjempe for å gi oss konkrete resultat, og det er resultatet som til sjuande sist betaler rekningane til bøndene.

### SKAL TETTE INNTEKTSGAPET

Gimming trur det vil vere stort fokus på auka kostnader også i 2023.

-Beredskap vil framleis vere viktig og vi vil få ein vanskelegare global matsituasjon enn i 2022. Dette kan bli det første året på lenge der verdas bønder ikkje kan produsere den mengda mat som er etterspurd. Det gjer det endå viktigare for beredskapen at vi har ein stor matproduksjon i Norge.

I tillegg peikar han på den mykje omtalte NOUen til Grytten må følgjast opp med ein opptrappingsplan for å tette inntektsgapet og sikre norsk matforsyning.

-Vi må få på plass eit nytt talgrunnlag og Regjeringa må leggje dette fram for Stortinget og det er noko vi forventar vil skje i løpet av 2023. Då kan vi starte den lange men viktige jobben med å tette inntektsgapet til andre næringar. Vi er utolmodige men har trua.



## KVIFOR BLIR DET SÅ HØGE KOSTNADER?

I samband med kampanjen i sosiale medium under jordbruksforhandlingane, viser kornbonden Kjell Erik Strand frå Sandefjord, reknestykket sitt. Han produserer korn på 960 daa, som svarer til cirka eit årsverk. Det vil seie at inntekta hans er samanliknbart med «folk flest» inntekta si. I 2022 eksploderte Kjell Eriks kostnader, spesielt for gjødsel, men også for drivstoff og straum. I drifta har han også kostnader til service, forsikring rekneskap og jordleige. Maskinkostnader til dei ulike operasjonane på jorden tel også med. Dette gjorde 2022-sesongen veldig usikker for mange bønder.

I eit normalår med godt vêr og god avling, sit Kjell Erik igjen med cirka 340 000 kroner for denne jobben. Blir derimot avlinga under snittet, blir overskotet endå lågare. Dette overskotet skal bonden altså leve av og betale rekningar, mat og straum som andre folk. I tillegg må han planleggje for vedlikehald og investeringar. – Eg har lyst til å halde fram med å produsere mat, men då må eg vite at eg får noko igjen for arbeidet, seier Kjell Erik Strand.



## TILTAK FOR MEIR NORSK MATKORN

Blant sakene Bondelaget prioriterte i 2022, var å løfte økonomien i kornproduksjon. Kornbøndene har hatt dårleg økonomi over lang tid, kornarealet går ned, og auka kornproduksjon vil bidra stort i å auke sjølvforsyninga. I tillegg stod i fare for kornproduksjonen å gå ytterlegare ned på grunn av kostnadsaukane, og krigen i Ukraina gjorde tilgangen på importert matkorn usikker.

Våren 2022 kom statsråd Sandra Borch med ein matkorngaranti som gjorde at fleire bønder torde å satse på matkorn denne sesongen. Det gav betre kornberedskap etter 2022-sesongen, godt hjulpet av godt vêr i kornområda, som gav rekordhøge kornavlingar, også av matkorn. Jordbruksavtalen løfta kornøkonomien, med auka målpris og auka satsar på tilskota.





## ARBEID MED STRAUMSTØTTE GJENNOM HEILE ÅRET

Med ein stadig meir teknologisk matproduksjon, er tilgang på straum heilt avgjerande for norsk landbruk. Derfor slo det hardt inn i landbruket då det vart kraftkrise i Europa på slutten av 2021, og straumprisane steig til vêrs også her i Noreg.

Arbeidet med å få straumstøtte i landbruket gjekk som ein raud tråd gjennom heile 2022. Først ut var veksthusnæringa, som vi fekk sikra ei særskild støtteordning. Alle primærprodusentar fekk straumstøtte, og Bondelaget fekk heva taket frå først 5000 til 20 000, og deretter til 60 000 kWh per måned, på straumprisar over 70 øre per kWh. Den mellombelse støtteordninga har vorte forlengt fleire gonger, og gjeld no også første halvår 2023. Gjennom vekstsesongen fekk vi utvida ordninga til også å gjelde vatningslag, produsentar av blomstrar, pakkeri og kjølelager.

– Vi har vore tydelege på behovet for straumstøtte i lang tid, og det er bra Stortinget tek grep etter innspela våre. Dette gir nødvendig føreseielegheit for mange matprodusentar, seier Bjørn Gimming.



## MOGLEG ENDRING AV PRISUTJAMNINGSORDNINGA FOR MJØLK

I 2022 gjennomførte Landbruksdirektoratet ei evaluering av dei konkurransefremjande tiltaka, og Bondelaget som representant for næringa sat i referansegruppa for dette arbeidet. Ordninga har mykje å seie for mjølkeproduksjon over heile landet, og er eit viktig spørsmål for Bondelaget. Dei auka kostnadene til dei konkurransepolitiske verkemidla belastar prisutjammingsordninga.

– PU-ordninga er av dei viktigaste landbrukspolitiske ordningane for å sikre eit landbruk over heile landet og vi er bekymra for at finansieringa av ordninga blir stadig meir krevjande. Viss ein skal støtte konkurranse i mjølkemarknaden må det finansierast på andre måtar enn gjennom denne ordninga, det vil seie over statsbudsjettet, seier generalsekretær Sigrid Hjørnegård.

Kostnadene til desse tilskota tyngjer ordninga, gir dårlegare konkurransekraft og avgrensingar på mjølkepris til bonden. – Vi meiner også at Landbruksdirektoratet har vist at det ikkje lenger er fagleg hald for distribusjonstilskotet, og bad i høyringsrunden om at dette blir fjerna, seier Hjørnegård.

– Det er naturleg at ein endra konkurransesituasjon også gir endringar i dei konkurransepolitiske tilskota. Vi må ha fokus på utfordringane i dagens marknad, ikkje på korleis det var for tjuve år sidan, seier Sigrid Hjørnegård.

# 02

## NYTT TALGRUNNLAG OG INNTEKTSUTVALET

Kampen for å løfte inntektsmoglegheitene til bonden er alltid sentral i Bondelaget, og det prega 2022 endå meir enn andre år. I tillegg til kostnadskompensasjon og jordbruksforhandlinger, prega det offentleg nedsette Inntektsutvalet året.

Korleis skal inntektene i landbruket målast? Det er ti-tusen-kronerspørsmålet som utvalsleiar Ola Grytten og resten av det offentleg nedsette Inntektsutvalet skulle finne ut av. Utvalet skulle ikkje fastsetje inntektsutviklinga, men gi grunnlag for politiske avgjerder om inntektsmål, opptrappingsplan og årlege budsjettføringar. Bondelaget var ikkje representert i dette ekspertutvalet, men gav gjennom året sine innspel, der den viktigaste budskapet var: Det er på høg tid med endringar i grunnlagsmaterialet som betre speglar røyndommen til bonden.

Arbeidet i Bondelaget vart organisert i ei eiga prosjektgruppe, leidd av Simen Solbakken i næringspolitisk avdeling. – Vi har eit klart oppdrag om å tenkje breitt og kreativt når vi skal gi innspel til korleis nå målet om inntektsvekst. Vi skal også sjå på kva vi treng ytterlegare av utgreingar i tillegg til det vi sjølv sagt allereie kjenne til, seier Solbakken.

Hele Bondelaget vart invitert til å seie si mening, for å danne grunnlag for Bondelagets innspel til utvalet. I underkant av 200 lokallag sende innspel til fylkeslaga, som samla saman og sende sine vurderingar og innspel til Bondelaget sentralt.

I tillegg inviterte vi til innspelsmøte med sentrale aktørar som samvirke, rekneskapskontor og økonomiske ekspertar.

Mange lokallag deltok, og det kan verke i overkant å forvente at bondelagets lokallagstillitsvalde skal ha ei grunnleggjande mening om til dels kompliserte metodar. Denne grundige involveringa og høvet til å seie si mening, har vore viktig for at organisasjonen skal setje seg inn i og forstå/ha tillit til talgrunnlaget som inntektsmoglegheitene deira blir frårekna ut.

– Det har vore avgjerande for meg å kjenne til kva lokallaga har meint når vi har anten støtta eller vraka forslaget frå utvalet. Det gjer meg trygg på





*«Vi har eit klart oppdrag om å tenkje breitt og kreativt når vi skal gi innspel til korleis nå målet om inntektsvekst.»*

vurderingane og det endelege høyringssvaret vårt, seier Bjørn Gimming.

**BONDELAGETS SVAR: VI TRENG EIN METODE SOM SKAPER TILLIT**

Rapporten frå inntektsutvalet, NOU 2022:14. Inntektsmåling i jordbruket, vart presentert i oktober. Bondelagets første reaksjon var at han ikkje godt nok svarte ut korleis inntektene skal målast.

Innspela til Bondelaget var ein viktig del av grunnlaget for jobben med å skrive høyringssvaret.

– Korleis vi skal måle inntekta til bonden for å sikre inntekt på nivå med andre grupper i samfunnet, er eit veldig viktig spørsmål for oss i næringa.

Metoden må ha tillit, stå seg over tid og vere til å forstå. Inntektsutvalet foreslår ein komplisert modell, som opnar for ei skjønsmessig vurdering av inntektsmoglegheitene framfor måling. Slik kan det ikkje vere, seier Bjørn Gimming.

Utvalet foreslo ein hybridmodell, medan Bondelaget i staden foreslo å bruke eksisterande driftsgranskningar til å måle bondeinntekta. Dette er eit avgrensa utval reelle rekneskapstal frå faktiske gardar.

– Vi må bruke mest mogleg reelle tal når vi skal berekne inntekt og inntektsføva til bonden, påpeika Gimming.

Blant forslaga i rapporten som Bondelaget støtta, er endringar i totalkalkylen for å gjere det meir forståeleg. Utvalet foreslo å ikkje skilje mellom bondens arbeid og eigenkapitalen som blir skoten inn, for å kunne samanlikne med arbeidstakarar. Bondelaget meiner det er viktig å vise dette skiljet, og at totalkapitalen må få ei fornuftig avkastning.

Stortinget har vedteke at inntekta til bonden skal opp på nivå med andre grupper i samfunnet, gjenom ein opptrappingsplan.

Bondelaget jobba hardt i 2022 for at nytt talgrunnlag skulle vere klart til jordbruksforhandlingane 2023. Det får vi ikkje. Inntektsutvalet fekk utsett fristen sin for å levere, og etter høyringsfristen 16. januar 2023 er saka ikkje sendt til Stortinget. – Gammalt talgrunnlag er ikkje til hinder for at vi kan auka inntektene og gjere eit innhogg i inntektsgapet i jordbruksforhandlingane 2023. Det er i alles interesse at det er semje om grunnlagsmaterialet og korleis inntekta til bonden blir berekna gjennom skiftande politiske regime. No trengst det politisk handling, seier Bjørn Gimming.

# 03

## MAKTA I VERDIKJEDEN FOR MAT

Gjennom 2022 sette Norges Bondelag matmakt på dagsordenen. Samtidig som prisen på fleire matvarer gjorde eit kraftig hopp gjennom året, var det veldig uklart kven som tente på auken. Derfor kravde Bondelaget meir openheit i verdikjeda.

-Når prisen går opp på ei matvare, forventar vi at også bøndene som har produsert ho får sin del av prisauken. Vi ønskjer meir openheit i heile verdikjeda. Det er ingen som lurar på kva bonden får betalt.

-Spørsmålet er kva og kven som blir lagt til etter det, seier Arthur Salte, styremedlem i Norges Bondelag og ansvarleg for daglegvarehandel og kjedemakt.

Norges Bondelag har lenge pressa på for å få tiltak i daglegvaresektoren. Heilt sidan den første offentlege utgreiinga på området i 2011 har fleire utval peika på at verdikjeda for mat fungerer dårleg, og at meir makt er flytta frå bonden og leverandørane til matvarekjedene.

-Dette har vorte meir aktualisert med åra. I dag er det tre daglegvarekjeder som dominerer marknaden. Desse har stadig større og djupare vertikal og horisontal integrasjon i verdikjeda. Bruken og salet av kjedene sine egne merkevarer (EMV) har også auka, seier Salte.

I januar 2022 var Bondelaget i møte med den nye næringsministeren Jan Christian Vestre (Ap), med krav om tiltak for å redusere kjedemakta. Der vart







**Kjedemakt på dagsordenen:** – Frå bondens side er det allereie full openheit om prisdanninga, tilskot og kostnader, men vi veit ikkje kva som skjer med prisen på maten ute i butikk, sa Bjørn Gimming, leiar i Norges Bondelag, under frukostseminar som Bondelaget arrangerte i Oslo i november 2022.

behovet for betre konkurransevilkår på distribusjon og EMV særleg løfta fram, saman med poenget om at rabatten industrien gir, må følgje varet heilt ut til kunden i butikk. Bondelaget var også tydelege på at det nye Dagligvaretilsynet må bli styrkt. I dokumentet statsråden fekk, løfta vi mellom anna fram utfordringa med at kjeder fungerer som «portvakter» inn mot kunden. Kjedene har kontroll på med store delar av verdikjeda, noko som tek makt bort frå bonden og samvirka.

Betre merking for å vise kvar varen kjem frå, opphavsmarkering, er også noko Bondelaget har jobba med gjennom året.

Salte meiner betre merking er eit viktig grep som vil gjere det enklare for forbrukaren å navigere og ta medvitne val i butikken.

– Her har matvarekjedene ein jobb å gjere, sjølv om dei har vorte noko betre. Tydeleg merking som fortel



**I møte med næringsministeren:** Tiltak mot kjedemakta og ingen nye innrømmingar på handel var hovedbudskapet då Bondelaget møtte næringsminister Vestre (Ap) i januar. Frå venstre: Hildegunn Gjengedal, seniorrådgivar i Bondelaget, næringsminister Jan Christian Vestre, Bondelagsleiar Bjørn Gimming og generalsekretær Sigrid Hjørnegård i Norges Bondelag.



kor og av kven varen er produsert er viktig både for bonde og forbrukar, seier Salte.

### SETTE KJEDEMAKT PÅ DAGSORDENEN

Kven tener på rekordhøge matprisar, spurde Bondelaget då organisasjonen arrangerte eit frukostseminar om tematikken i november 2022. Bondelagsleiar Bjørn Gimming understreka behovet for å ha ryddige forhold ii verdikjeda for mat, og at mange offentlege utgreiingar har slått fast at det trengst tiltak for å betre konkurransen. Han peika på at Stortinget har lagt fram fleire forslag til tiltak som Bondelaget ventar utolmodig på at skal setjast i verk. Statsråd Vestre deltok med innlegg der han lova handling.

Med ein politikardebatt vart også tematikken sett på den politiske dagsordenen. Der kom det tydeleg fram at Bondelaget har fått gehør for at det ikkje er

bonden som stikk av med fortjenesta når matprisane aukar, og at jordbruksoppgjeret i 2022 tok mykje av kostnadene gjennom budsjett. Dette bidrog til å dempe mykje av prisveksten. Importvernet og jordbruksmodellen såg ut til å dempe inflasjonen relativt til nabolanda våre.

### BONDELAGETS HØYRINGSINNSPEL OM FORSKRIFT

Regjeringa hadde hausten 2022 ute på høyring eit forslag til forskrift om forbod mot usaklege forskjellar i innkjøpsprisar verdikjeda for mat og daglegvarer. Norges Bondelag vektla i høyringssvaret sitt at vi ønskjer velkommen tiltak for å få ein betre fungerande verdikjede for mat, men at organisasjonen meiner eit forbod mot usaklege forskjellar i innkjøpsprisar er ei avsporing.





Naustdal Bondelag i Vestland set pris på nærbutikken.

«Forskrifta vil sannsynlegvis ha negativ effekt på matmarknaden og vil ta fokus og ressursar bort frå viktigare tiltak som hastar. Vi ber regjeringa i staden konsentrere seg om tiltak mot for stor dominans av egne merkevarer, for betre konkurranse på distribusjonsleddet og sørgje for at rabatten som blir gitt i forhandlingar følgjer vara helt fram til forbruker.»

Bondelaget foreslo å påskunde tiltak som kan ha reell effekt på konkurransesituasjonen i daglegvaresektoren. Blant desse er utarbeiding av eit regelverk som pålegg kjedene ei felles merkeordning for EMV og ei utgreiing av verknadene av vertikal integrasjon og EMV på konkurransesituasjonen, prisar og utval.

-At Norges Bondelag jobbar målretta med dette over tid gir resultat. God konkurranse i verdikjeda for mat er avgjerande for den norske bonden, seier Arthur Salte.

### **BUTIKK PÅ LAG MED BONDEN**

I årets vårkampanje før jordbruksforhandlingane oppmoda Bondelaget alle lokallag og fylkeslag til å bli med å synleggjere verdien av matproduksjon og norsk mat med kampanjen «Butikk på lag med bonden.» Rundt om i landet vart lokale kjøpmenn og butikkar som på særleg vis satsar på norske mat, gjerne lokalprodusert, kåra og tildelt diplom.

-Der gjorde lokallaga ein ufatteleg god jobb. Å få forbrukaren til å skjønne betydninga av norsk mat er svært viktig. Vi som bønder veit at vi har gode produkt og det er inspirerande å følgje dei frå jord og fjøs til forbrukarane. Her har vi eit moglegheitsrom. Eg oppfattar at butikksjefar rundt om i landet har meir merksemd rundt dette no, seier Arthur Salte.

# 04

## LEVER I FRYKT FOR NYTT UTBROT AV FUGLEINFLUENSA

Kenneth Hole frå Jæren opplevde alle fjørfebønders mareritt då han for eit og eit halvt år sidan fekk utbrot av fugleinfluensa og måtte slakte 7500 verpehøner. No lever han i frykt for nye utbrot av den enormt smittsame virus-sjukdomen. Det einaste positive opp i det heile var at han under heile prosessen følte seg godt ivaretatt og hadde eit godt samarbeid med Mattilsynet.





- Fugleinflensa er ein smittsam virus-sjukdom hos fuglar, som kan føre til ei dødelegheit i fjørfeflokkar på opp til 100 prosent.
- Utbrota i Rogaland var dei første i kommersielle fjørfebesetningar i Noreg.
- Ulike variantar av fugleinflensavirus fører til sjukdom av ulik alvorsgrad.
- Den alvorlege forma av sjukdommen blir karakterisert som sterkt sjukdomsframkallande (høgpatogen) fugleinflensa.
- Det finst også variantar av fugleinflensa som ikkje er sjukdomsframkallande, eller berre gir milde luftvegssymptom når dei smittar fjørfe.
- Fugleinflensa smittar ved dropesmitte frå øvre luftvegar, og gjennom avføring eller støv av avføring som blir teken opp gjennom nebbet eller blir pusta inn. Avføring frå éin smitta fugl kan smitte mange tusen fjørfe.
- Fugleinflensa smittar svært sjeldan frå fugl til menneske. Dei som har vorte smitta har så langt ein kjenner til vore i svært nær kontakt med sjuke eller døde fuglar.
- Ein har ikkje døme på at sjukdommen har vorte overført til menneske via mat eller drikkevatn.

Fjørfebonden som også er styremedlem i Rogaland Fjørfeleg er i full drift igjen etter at fugleinflensaen ramma garden hans i november 2021. Likevel er han stadig på vakt og lever i evig frykt for nye utbrot.

-Vi er tre gardar i nærleiken av kvarandre som er ramma i løpet av dei siste to åra, så vi føler vi lever i eit område der vi er veldig utsett for dette. I tillegg er det mykje villfugl i området og her er det stadig nye utbrot. Dette trur eg berre er noko vi må lære oss å leve med, sjølv om eg håpar at det roar seg litt no og vi kan få det litt på avstand. Men dette er dessverre noko eg trur vi må lære oss å leve med.



### MARERITTET I HØNSEHUSET

Det gjekk nokre dagar før Hole oppdaga at hønene hans var ramma. Første dagen var det eit par døde fuglar og det tenkte han ikkje så mykje på, men i dagane etterpå var det 30 døde og så 50. Då byrja han å bli uroleg og dagen etterpå var det 1000 døde høner. Då gjekk alarmer og Mattilsynet sørga for å stenge ned hønsehuset.

I dagane etterpå blei det eta- blert ei smittesluse for dyrlegane og det blei beslutta at alle hønene måtte slaktast og sendast til forbrenning. Vegen inn til huset blei sperra av Sivilforsvaret og det var dramatiske dagar.



-Det var utan tvil dramatisk og ting skjedde i høgt tempo. Likevel hugsar eg at eg blei godt tatt vare på og eg hadde heile tida ein god dialog med Mattilsynet. Vi fekk på plass gode rutinar og eg er imponert over kor godt Mattilsynet jobba.

Tre månader etter utbrotet sette han inn nye høner og var i full drift igjen.

-Eg er heilt avhengig av å kunne drive med verpehøner. Eg har tunge investeringar bak meg og har blant anna bygt ny driftsbygning for storfe. Slik sett har eg ikkje råd til å slutte med fjørfe, om eg skal få betalt på lånet mitt. Eg er likevel usikker på om eg vil drive vidare dersom dette blir den nye normalen.

Det blir i alle fall tungt å motivere seg for vidare drift endå ein gong.

#### **NØGD MED MATTILSYNET**

Hole følte han fekk god oppfølging av Mattilsynet og roser dei for den effektive og gode jobben dei gjorde.

I tillegg blei han kontakta av den lokale bondelagsleiaren og følte han fekk den hjelpen han hadde behov for.

- Vi har ei ekstra smittesluse, som betyr ekstra klesskifte, skobyte, handvask og desinfisering før vi går inn til hønene. Stort meir er det ikkje eg kan gjere for å unngå smitte og risikere eit nytt utbrot.

Hos Mattilsynet er dei glade for å høyre at Kenneth Hole følte seg godt ivaretatt og seier dei alltid har fokus på å ivareta bondens næringsinteresser.

-Først og fremst er oppdraget vårt å bekjempe smitte, men vi må også jobbe tett med bonden for å finne gode løysingar for vidare drift, seier seksjons-sjef i region Sør og Vest Guro Myhre.

-Det første vi gjer når alarmen går er at vi organiserer oss godt og set saman ei gruppe som skal jobbe med det faglege, samt kommunikasjon. Då bestemmer vi oss for kva vi skal gjere både på kort og lang sikt.





*«Det var utan tvil dramatisk og ting  
skjedde i høgt tempo.»*

Seksjonsleiaren i Mattilsynet er også godt nøgd med bøndene som har vore involverte i utbrota.

-Bøndene har gode smittesystem og vi har hatt eit godt samarbeid med mange gode møter. Vi har også gode erfaringar med Fjørfelaget og har også fått tilbod om hjelp frå Bondelaget.

### **BONDELAGET TRÅR TIL**

Organisasjonssjef i Rogaland Bondelag, Irene Tjøstheim Finnstad, trur også at frykta for fugleinfluensa er kommen for å bli.

-Så lenge smitta blant villfugl er så stor og vi har slike store våtmarksområde som vi har i Rogaland, må vi alltid vere budd på at det kan kome nye utbrot. Eg går stadig med ein vond klump i magen. Det er fælt for bønder som den eine dagen lever eit normalt familieliv, for så å oppleve at Sivilforsvaret neste dag har stengt av vegen til garden din, seier ho.

Finnstad seier dei har gode rutinar rundt utbrot av fugleinfluensa. Fylkesbondelaget koordinerer mykje av arbeidet og er ofte bindeleddet mellom de ramma bøndene og myndigheiter og media. De kopler også inn sentralleddet når det trengs.

- Vi samarbeider godt med Mattilsynet og lokallagsleiari får beskjed raskt etter at Mattilsynet er kopla på saka. Då er det veldig mykje som skjer samtidig og saneringsarbeidet er i gang så snart smitten er stadfesta. Det er veldig stor pågang frå media i denne perioden og det er viktig at bonden ikkje føler han står åleine, og at hen ikkje skal føle seg forplikta til å svare pressa. Då kan bonden vise til den lokale bondelagsleiaren eller Mattilsynet som kan stå for kommunikasjonen overfor omverda, seier ho.

Organisasjonssjefen seier dei gjerne gir råd rundt det praktiske og når det gjeld forsikringar og kontakt med Statsforvaltaren. Ho meiner dei har så god beredskap som det er mogleg å ha.

-Fjørfebøndene har eit godt smittevern og veit kva dei skal gjere når utbrotet kjem. Så lenge smittevegen er ukjent er det umogleg å førebyggje dette meir enn det bøndene allereie gjer med godt smittevern, seier Finnstad.

Bondelaget gjer også ein jobb etter at den akutte smittefaren er over, nemleg knytta til kva for rettar bøndene har til erstatning.







## SET STANDARDEN FOR DYREVELFERDA

Korleis skal norske dyr ha det i fjøs og stover? Det skal ein ny Stortingsmelding om dyrevelferd definere. – Det er mange som har meiningar om kva som skal til for at dyra skal ha det bra. Det gjeld både for fisk, kjæledyr og for produksjonsdyr i landbruket. Denne stortingsmeldinga skal vere kunnskapsgrunnlag for vidare dyrevelferdsarbeid. Landbruket er opne for ny kunnskap og vi tek til oss ny kompetanse. Det er avgjerande at dette er tufta på fagleg kunnskap, og tek praktiske og økonomiske omsyn, seier Bodhild Fjelltveit, 2. nestleiar i Norges Bondelag.

Norske husdyr har det jamt over bra, men det er forbettringspotensial. Mattilsynets tilsyn med nær 600 svinebesetningar, viste små eller større lovbrøt i litt over halvparten av besetningane. I Noreg har vi strenge krav til behandling av husdyra, og desse reglane skal følgjast. – Det skal vere likskapsteikn mellom norsk matproduksjon og god dyrevelferd, seier Bodhild Fjelltveit.

### BONDELAGET HAR JOBBA BREITT MED INNSPEL TIL EI NY DYREVELFERDSMELDING GJENNOM 2022.

Husdyrorganisasjonane i landbruket var samla for å få felles kunnskapsgrunnlag i innspelsarbeidet. Alle bondelagsmedlemmer med husdyr fekk høve til å gi

innspel til kva dei vil prioritere i dyrevelferdsarbeidet. Fylkeslaga har sendt innspela sine til Bondelaget og Bondelaget sende i september eit grundig høyringsinnspel til Landbruks- og matdepartementet. Det var første innspelsrunde, der vi ikkje gjekk inn i regelverk for hald av produksjonsdyr, sidan det vil komme i neste innspelsrunde i 2023.

### I INNSPELET PEIKAR NORGES BONDELAG PÅ DEI VIKTIGASTE TILTAKA FOR Å SIKRE OG VIDAREUTVIKLE DYREVELFERDA:

- eit godt regelverk forvalta av eit nærverande og kompetent Mattilsyn
- dyrevelferdsprogram i alle produksjonar
- kompetansekrav i dyrevelferd
- ein driftsøkonomi som sikrar nok arbeidskraft og moglegheit for investeringar
- investeringar må vere lønnsame
- moglegheit for avløyning og nok tid til dyrestellet
- tilstrekkeleg tilgang på veterinærtjenester
- auka openheit om produksjonane og kommunikasjon med forbrukarane





## EMBLA HYLLAR DET NORDISKE KJØKKENET

Matprisen Embla vart arrangert i Oslo 20. juni 2022, med Bondelaget som vertskap. Nordens bondeorganisasjonar står bak prisen som skal styrkje den felles nordiske matidentiteten og matkultur, og auke interessa for nordisk mat utanfor Norden.

170 nordiske gjester var til stades då dei sju matprisane vart delt ut, og Noreg vann heile tre prisar. Dei vart vurderte ut frå kriterium som berekraft, inspirasjon, originalitet, ærlegdom og ikkje minst attkjennande nordisk.

Geitmyra Credo fekk pris i kategorien «nordisk mat til barn og unge», Kvitnes Gård fekk prisen i kategorien «nordisk matdestinasjon», og Undredal Stølsysteri vart kåra til den beste i kategorien «nordisk mathåndverker».



## MEIR ENN 40 KURS I 2022

Det er mykje kunnskap og kompetanse i Bondelaget, og vi delar han med glede. Kursa som Bondelaget si avdeling for rekneskap og juridisk service (RJS) held, er ettertrakta.

Gjennom 2022 har tilsette ved RJS heldt 16 skattekurs rundt om i landet i godt samarbeid med fylkeskontorene om praktisk gjennomføring. 17 temakurs, 8 webinar og 6 andre kurs har stått på kalenderen. Dette er mellom anna dagskurs i skatt og avgift, praktisk kurs i eigarskifte, Bondelaget sine eigarskiftedagar, Bondelaget si Advokatsamling og økonomidagane. Til saman gir disse kursa fagleg og oppdatert påfyll til advokatar, rekneskapsførarar og andre som arbeidar med økonomi eller jus i landbruket.





## NY KOMMUNIKASJONSSTRATEGI VEDTEKE

Til grunn for korleis Bondelaget kommuniserer, både mot medlemmer og mot omverda, ligg klare budskapsval og strategiar. Gjennom året 2022 vart det jobba i organisasjonen med å lage ein ny kommunikasjonsstrategi for Bondelaget. Strategien blir gjeldande i løpet av 2023.

For å lage strategien, vart det gjort ein ekstern analyse av alle kommunikasjonskanalane vi bruker, og korleis Bondelaget når ut med budskapane våre. Analysen har allereie gitt nokre endringar i kommunikasjonen retta mot medlemmene våre. Vi gjennomførte ei omdømmeundersøking i befolkninga, som viste at omdømmet til «bonden» er sterkt. På det grunnlaget utvikla vi ein strategi som var til både styrebehandling og høyring i alle fylkeslaga i to rundar, før endeleg vedtak.

Vi er ei sterk kraft i kommunikasjonsarbeidet når vi bruker heile organisasjonen vår og har same mål. Vi har lokallag og fylkeslag spreidd over heile landet,

ofte med god tilgang til lokale og regionale medium, og dessutan sosiale kanalar. Bondelaget skal vere ei tydeleg og synleg samfunnsstemme. Den nye kommunikasjonsstrategien vår skal bidra til at vi får størst mogleg effekt ut av den samla kommunikasjonsjobben vår.


### MÅL FOR KOMMUNIKASJONEN VÅR

- Omdømmebygging – bidra til å styrkje og halde oppe det gode omdømmet til bonden i befolkninga, og ønsket om norsk matproduksjon
- Påverknad – bidra til gjennomslag for Bondelagets syn blant politikarar og fagfolk ved å vere synleg samfunnsaktør
- Aktivitet – bidra til at medlemmer og tillitsvalde er informerte og engasjerte
- Verving – bidra til at Bondelaget tiltrekkjer seg nye medlemmer

8  
AV  
10

## SPURTE ER FOR Å OPPRETTHALDE EIT JORDBRUK AV DAGENS OMFANG

Er du for eller imot å opprettholde et jordbruk av minst samme omfang som i dag?



## KAMPEN FOR BEITE I TUFSDINGDALEN

I Tufsingdalen i Os kommune, nordaust i Innlandet, har ein konflikt mellom bønder og reineigarar gått føre seg i ti år. Konflikten dreier seg om reinsdyr som kjem seg inn på innmarka, og et oppgraset som skal bli fôr til husdyra. Det fører også til at mange geiter blir smitta med hjernemark og må avlivast. Tamrein er mellomvert for denne parasitten, som kjem inn gjennom beiting på utmark. Bøndene i bygda jobbar hardt gjennom den korte sommaren for å berge fôr til dyra sine. Så kjem reinsdyra i tusental på seinhausten og trakkar sund områda dei går på.

Konflikten har sidan 2012 versert fire rundar i rettsapparatet, utan at det har komme noka haldbar løysing. I eit forlik i 2019 vart det bestemt at det skal setjast opp eit sperregjerde, slik at jordbruk og reindrift kan leve side om side på dei rettmessige areala sine. Først i 2022 vart dette gjerdet endeleg sett opp, og det har vore lite rein på innmark i Tufsingdalen denne vinteren.

Erlend Stabell Daling er sjef for avdeling for rekneskap og juridisk service i Bondelaget. Konfliktar om beiterettar har han jobba mykje med dei siste åra.

– Bøndene i Tufsingdalen har stått i denne konflikten i mange år, og fleire av bøndene har også gitt seg i denne perioden. Vi har hjulpt dei til å hevde retten sin, seier Daling.

– Med langsiktig arbeid har vi greidd å etablere ei forståing for at beiting frå tamrein på innmarka er eit reelt problem, og at reineigarane ikkje kan la vera å retta seg etter vedtak frå rettssystemet. Dette gjeld ikkje berre i Tufsingdalen, men over heile landet der det er reindrift, frå Finnmark til Innlandet, seier Daling. Bondelagsadvokatane vil nå bruke røynslene frå dette arbeidet i innspela til ny reindriftslov.



# 05

## ORGANISASJONEN NORGES BONDELAG







Bodhild Fjellveit, 2. nestleiar  
i Norges Bondelag.

Norges Bondelag er ein stor organisasjon med mange medlemmer, med mange ulike synspunkt. I 2022 hadde vi 475 lokallag og nesten 3000 tillitsvalde. Mykje av utfordringa er å samle alle desse meiningane og forme dei til felles standpunkt. Dette er ein stor og viktig jobb for organisasjonen. Som eit døme fekk vi 400 høyringsinnspel frå lokallaga til jordbruksforhandlingane i 2022. Desse innspela vart samla i innspelet til fylkeslaga som igjen enda opp i resolusjonen i representantskapet. Vi har eit næringspolitisk program for 2020–2024 som trekkjer opp hovudlinjene i politikken vår. Styret vedtek årleg kva saker som skal prioriterast i kommande år.

### **MEMLEMSUNDERSØKING**

Under den årlege medlemsundersøkinga tatt opp i januar 2023 fekk medlemmane mellom anna spørsmål om kor fornøgde dei var med medlemskapen sin i Bondelaget. 69 prosent av dei som svarte sa at dei var fornøgde eller svært fornøgde med medlemskapen sin. 29 prosent svarte at dei ikkje er like fornøgd, noko som vi jobbar kvar dag med å forbetre. I medlemsundersøkinga var også spørsmålet om kva som er dei viktigaste grunnane til å vere medlem av Bondelaget. Dei viktigaste årsakene var at «Eg vil støtte norsk matproduksjon»,

«Bondelaget er min fagorganisasjon som bonde» og «Eg vil støtte det politiske arbeidet Bondelaget gjer».

### **2. nestleiar i Norges Bondelag, Bodhild Fjellveit, samanfattar 2022.**

*Kan du beskrive den uroa som har vore blant bønder og i eigen organisasjon?*

–Det vi har fått tilbakemeldingar på er at det av nokon har vorte opplevde som tungt å nå fram med budskapet sin i organisasjonen. Vi må vel også kunne seie at arbeidet med Inntektsutvalgets NOU skapte stort engasjement, og mange stader også til dels høg temperatur. Engasjement etterspurde vi jo, og vi var glade for at vi fekk så mange innspel på høyringa i organisasjonen som det vi gjorde, seier ho.

Ho fortel også at grasrota i Bondelaget er mangfaldig, og at det alltid vil vere ulike interesser å ta omsyn til.

–Men det skal vere rom for ulike meiningar i organisasjonen vår, og tilbakemeldingane vi har fått har gjort at vi har teke tak i og gjort nokre endringar i til dømes korleis vi kommuniserer internt. Takhøgd og openheit er viktig for medlemsdemokratiet, seier Fjellveit.



Jørund Kvaale Hansen, leiar i Bygland Bondelag i Agder.

Fjelltveit seier Bondelaget på fleire område har jobba for å betre situasjonen.

-Leiinga i Norges Bondelag var på besøk hos nesten 40 lokallag i løpet av hausten, og i tillegg var vi på alle leiar møta til fylkeslaga. Dessutan har «Bjørns time» vore eit viktig tiltak for å minske terskelen for å komme med innspel til leiinga. På denne måten har vi også fått hurtigare informasjonsflyt ut i organisasjonen, seier Fjelltveit.

Ho vil også trekkje fram Ukeslutt som blir sendt til lokallagsleiarane, fylkesstyra, sentralstyret og tilsette i Bondelaget kvar fredag med informasjon om kva som har rørt seg i organisasjonen den siste veka.

-Vi oppretta også «Bondelagsgarderoben» i første halvdel av 2022. Dette er ei lukka facebookgruppe for fylkesstyra, sentralstyret og leiarane i dei faste utvala. Her kan spørsmål kjapt stillast, og truleg får ein også kjapt svar, seier ho.

Forhandlingsutvalet deltok i fleire Teams-møte i samband med studiarbeidet vinteren 2022. Dette var møte i regi av fylkeslaga – temamøte rundt dei ulike produksjonane, men også møter med meir generell inngang til jordbruksforhandlingane.

-Vi deltok også på møte i etterkant av enda jordbruksavtale våren 2022. Det har vi jo tradisjonelt gjort tid-

legare òg, men no rekk vi jo fort over fleire fylke i og med at vi har vorte meir digitale enn før, fortel Fjelltveit.

#### ***Kor sterkt står medlemsdemokratiet?***

-Inntrykket mitt er at medlemsdemokratiet står sterkt, og vi står støtt. Vi er gode på demokratiske prosessar. Vi prøver i alle fall å gjere oss tilgjengelege for medlemmene. Det, saman med openheit og takhøgde, gjer at demokratiet verkar. Alle skal få seie sitt, og alle skal kunne delta i medlemsdemokratiet, seier Fjelltveit.

#### ***Korleis byggjer vi Bondelaget?***

-Det gjer vi først og fremst gjennom alle dei ulike arrangementa våre og saker som engasjerer gjennom eit arbeidsår. Vi byggjer også Bondelaget ved at lokallaga arrangerer Bondepub, Bondekafé, medlemsmøte, studieringar, møte for nye bønder, kurs og fagmøte. Vi byggjer også laget ved å arrangere organisasjonskurs der vi driv organisasjonsopplæring og ved å gjere sentralt tillitsvalde tilgjengelege for heile organisasjonen. Vi har også eit eige prosjekt som heiter «Vi byggjer Bondelaget», som styret vedtok å føre vidare i fjor haust, fortel Fjelltveit.

#### ***Korleis kjenner du at vi har det i Bondelaget?***

-Det er utruleg motiverande med engasjerte medlemmar og tillitsvalde. Jobben som i leiinga blir ikkje nødvendigvis lettare, men vi kjenner jo på at tett kontakt med grasrota også gjer at vi kjenner tempera-

turen i næringa betre. Ikkje minst at den kollektive klokskapen gjer at vi ser resultat. Saman får vi til enormt mykje – det er jo berre å sjå til kva vi har fått til i 2022. Det hadde vi aldri klart utan engasjementet og medlemsdemokratiet, seier Fjelltveit.

#### *Korleis fungerer Bondelaget?*

For å få ein ytterlegare peikepinn på opplevinga av korleis Bondelaget fungerer, har vi snakka med to lokallagsleiarar. Den første vi har snakka med er Jørund Kvaale Hansen som er leiar i Bygland Bondelag i Agder.

–Her i Agder tykkjer eg det fungerer bra på fylkesnivå. Det er ikkje tilfeldig at vi hadde stor medlemsvekst i 2022. Min kjeppest er at for å styrke organisasjonen er vi avhengig av eit større engasjement frå grasrota. Vi har bygd eit stort nettverk med grasrota som vi sparrar med, noko som har fungert godt. Dessutan tykkjer eg at vi har diskutert problem i fleire år, no er det på tide å kome med konkrete løysningar. Bondelaget er for treige, seier Hansen.

#### *Korleis opplever du å bli sett og høyrst i Bondelaget?*

–Det vi spelar inn gjennom organisasjonsstrukturen føler eg vi blir høyrst på. Konkrete saker som ein sparker oppover i organisasjonen føler eg blir tatt på alvor. Men eg meiner at arbeidet som blir gjort sentralt er for lite gjennomslagskraftig. Bondelaget sentralt må bli meir tydeleg på kva dei gjer og kvifor. Det er for masse snakk om gamle gjennomslag – no må vi sjå framover og få på plass dei rette løysningane, seier Hansen.

Også Anne Kristin Syverstad, lokallagsleiar i Rakkestad og Degernes Bondelag i Østfold fekk dei same spørsmåla.

–Eg er veldig glad i Norges Bondelag. Bondelaget er ein sterk organisasjon som er veldig godt organisert. Det er den store styrken til laget. Eg ringer for eksempel ofte fylkeslaget dersom det er noko eg lurar på, og opplever dei som særst imøtekomande, seier ho.

#### *Korleis opplever du å bli sett og høyrst?*

–Eg opplever å både bli sett og høyrst. Men det er ikkje alltid eg får det som eg vil. Men samtidig forstår eg jo at det er mange meningar rundt omkring. Eg tykkjer det er eit stort ansvar å vere lokallagsleiar. Vi er eit stort lokallag med mange ulike produksjonar, så det er mykje å ta omsyn til, fortel Syverstad.

«Jeg synes det er et stort ansvar å være lokallagsleder.»



Anne Kristin Syverstad, leiar i Rakkestad og Degernes Bondelag i Østfold.



## ÅRETS LOKALLAG: HURDAL LANDBRUKSLAG

– Vi har vore flinke i mange år til å følge opp. Vi stiller opp på aksjonar og demonstrasjonar. Dessutan er vi ganske synlege på sosiale medium, noko vi har jobba i fleire år med, sa ein rørt lokallagsleiar Frank Hoel-Knai. Han fekk prisen for Årets lokallag 2021 under årsmøtet i juni. Lokallaget i Akershus har mange medlemmer, og mange unge medlemmer som er lette å engasjere.


I grunngevinga til juryen står det mellom anna:  
